

Dalen i Sentrum

Organ for eit balansert dalføre – nr 12. Okt 2008.



Høg pute. Ein saueeigar – som bed om å få vere anonym – melder til Dalen i Sentrum at det ikkje berre er potetene i Velledalen som er store dette året.

-Eg har aldri hatt så store lam før, og aldri fått slike prisar heller. Ringdal sitt klassifiseringssystem vart nesten sprend. Med prisar framimot 50 kroner (alle tillegg inkludert), har eg måtte justere liggestillinga mi, melder ein overlukkeleg sauebonde.

Per Svein på lista. Frå Fet vert det meldt at Per Svein Fet har landa ein blankfisk på 6,6 kilo i fiskesesongen 2008. Det fører han inn på andre plass på lista, bak Oddbjørn Velle (7,1 kg) men føre Bjørn Asle Lade (5 kg)

Turr ved. Kontakt: Ole Johnny Myrseth (evt. Steinar Myrseth) tlf. 934 99 518, Oddvar Hole (tlf. 70 25 06 57) har eit parti turr oreved, Arild Lade har turr ved lagra i Engesetdalen (kan vere aktuelt til dømes for hytteeigarar med bustad på ”feil” side av fjorden). Andre vedprodusentar bør melde seg då vi veit at pågangen stig med fallande temperaturar.

Vinterbrøyting. Eivind Bolstad (tlf 415 75 598) tek på seg brøyting til vinteren, vert det meldt frå grensa mellom Brøvoll og La. Dette gjeld over heile bygda (også på fjellet). Han vil gå i kompaniskap med Erlend Velle, og dei vil nytte to traktorar. Han lovar bilete av utstyret i neste nummer av Dalen i Sentrum. Har du spørsmål, så kontakt Eivind !

Opningstider:

Jokerbutikken på Brunstad: 1000-1800 alle dagar

Holmbergs gartneri: Stengt fram til 22. november

Hole hjorteslakteri: Døgnope etter avtale med drivarane (Per H. Hole tlf 70 25 06 94)

Velledalen symjehall, opningstider:

Tysdagar: Familiebading 1800-1945 Damebading 1945-2100

Torsdagar: Familiebading 1800-1945 Herrebading 1945-2100

Laurdagar: Babybading 1300-1400 Familiebading 1400-1800

NB!!! Familiebading i tidsrommet 1400-1700 frå og med 2.november.

Ålesund fengsel er mellom dei påmelde til VRF/VIL si Førjulsmesse 22.og 23 november. Framleis finst der eit par ledige plassar (ikkje i fengselet, men på messa). Påmelding til Liv Nordli Hole 915 28 739 snarast råd.

Arkitekt Svein B. Skylstad fyller 50 år måndag 6. oktober. For dei som ikkje har sett han på ei stund, kan vi nemne at den neste eldste Hauhynen bur i Trondheim, er gift og har tre døtre, og heiar uhemma på Rosenborg.

Svanhild Brunstad har nyleg vore på tråden og reklamert for Bedehusbasaren i Velledalen 2008. Den vert arrangert fredag 24. oktober. Med kåseri av Liv Randi Bjørlykke, og fløytespel av Anette Fet, kan vi risikofritt garantere ei triveleg stund for dei som set av kvelden.

Positivt i Levekårsutvalet. Levekårsutvalet gjorde eit positivt vedtak med omsyn til ny barnehage (og oppvekstsenter) i Velledalen. Saka går no vidare til kommunestyret for endeleg avgjerd

Skifte av trimbøker: Nils Skylstad, leiar i trimgruppa, melder at trimgruppa i desse dagar skifter ut bøkene på dei tolv trimpostane. Ikkje alle vert skifta ut same dag, slik at det vert ein ”glidande” overgang til ny trimsesong. Men for all del; hald fram med turgånga.



GJER SOM TORJE OG MONICA: BYGG & BU I VELLEDALEN!!

God Haustferie til alle!

Nyhende til "DiS" melder du til: atlehole@online.no eller over tlf 70 25 07 49.

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.
This page will not be added after purchasing Win2PDF.